

Plan- og bygningsetaten i Bergen

Byplanavdelingen

Postboks 7700

5020 Bergen

Bergen 17.9.2018

## Reguleringsplan Fana gnr 96 bnr 307

### Høyringsuttale frå Naturvernforbundet Hordaland

Ard Arealplan AS har laga eit planforslag på vegne av Fanastølen 18 AS for eit 63 daa stort område på Fana for å byggja 54 bueiningar fordelt på 32 på bruk 42 Fanavoll («Fanaåkeren») og 22 på bruk 43 Fanastøl. Dei to delområda er knytt saman med tilkomstvegen Fanastølen. Hovudtilkomsten er frå Fv 542 Krokeidvegen. Området rundt er stort sett einebustader, men grensar også til daglegvareforretning i vest og bussdepot og Fana kulturpark i nord. Ved Fanastølen i sør ligg den nedlagte institusjonen for Bergen Røde Kors Barnehjelp, Fanastøl Behandlingshjem frå 1964. Dette bygget skal rivast som ein del av planen.

Naturvernforbundet Hordaland (NVH) har desse kommentarane:

**Naturvern, hydrologi og friluftsliv.** Det aktuelle området ligg inneklemt som ei grøn lunge mellom eksisterande busetnad på eine sida og Fanaelva/krokeidevegen på den andre. På side 5 i planforslaget heiter det «*Et viktig mål ved plangrepet er å videreføre attraktive grøntområder og knytte byggeområder sammen med grønne strukturer.*» Spørsmålet er kor mykje som blir igjen av desse når det største samanhengande grøntområdet i Volledalen blir fylt opp med rekkehus og leiligheter. I området rundt Fanavollen og i Volledalen, dvs. nærområdet til det planlagte bustadfeltet, bur det ca 1 000 menneske, som treng friluftsområde i nærmiljøet. Me konstaterer at utbyggingsområdet heller ikkje er systematisk undersøkt for naturfaglege verdiar, bortsett frå ein vipeobservasjon frå 2014, og eit hjortetrekk «*nordøst for planområdet.*» Det som er underrapportert, er at Fanafjellet er eit kjerneområde for hjort, og at det heile vegen langs foten av Fanafjellet, frå prestegardsjordet til Krokeide er hjortetrekk når hjorten om hausten trekker ned frå fjellet for å beita på dyrka mark og gjengroingsmark. Difor er det fullstendig misvisande å seia at hjortetrekket «*ikke vil bli berørt av utbyggingen*», slik det står på side 15 i planforslaget. I denne samanhengen er den ubrotne overgangen frå utmark (Fanafjellet) til innmark ein viktig landskapsverdi. Vidare er dyre- og plantelivet knytt til Fanaelva ikkje undersøkt, utover det som står i flaum- og skredsikringsundersøkinga som Sunnfjord Geocenter (SGC) har gjort på oppdrag frå NVE. Sjølv om det planlagte bustadområdet er trekt bort frå elva på grunn av flaumfaren, burde dette ha vore gjort, og foto i flaumfarevurderinga tyder på at det er eit stort potensiale for funn.

Når det gjeld flaumfaren, så er den også truleg undervurdert, bortsett frå at «*modellering viser at ein betongkonstruksjon nedstraums for planområdet vil hindra vassføringa, noko som kan*

*føra til overfløyming ved ein 200-årsflaum.» Men Fanaelva drenerer eit stort nedbørsfelt, heilt frå Gulfjellet til Fanafjorden, og hausten 1953 var det ein slik 200-årsflaum. Då greidde ikkje den gamle brua over Fanaelva ved kyrkja å ta unna vassmassane, slik at det fann nytt løp og grov ut deler av parkeringsplassen ved kyrkja, og nede i Volledalen stod elva langt oppover flatmarkene på Fanavollen. Den nye brua på Krokeidevegen over elva er truleg ei slik hindring, som kan få konsekvensar for deler av området.*

**Jordvern.** Vi viser til tidlegare klage av 17.11.2017 frå Forum for Natur og Frilluftsliv (FNF) i Hordaland til Kommunal- og Arbeidsdepartementet på BLÅE-planen. I klagen blir det påpeika at BLÅE-planen er i strid med nasjonale målsettingar om jordvern, fordi den omdisponerer meir enn 1 000 daa dyrka og dyrkbar jord frå LNF-område til næring- og bustadområde (sjå vedlegg), noko som er meir enn fjerdedelen av heile arealet i landet som det er lov til å omdisponera. I det aktuelle tilfellet på gnr 96, bnr 307 er det «berre» 63 daa jordbruksareal som skal omdisponerast til bustadføremål, men til gjengjeld omfattar det for Fanavollen/Fanaåkeren sin del, fulldyrka jord, med relativt nye driftsbygningar (sauefjøs). Den tidlegare eigaren, Sverre Fanavoll, som døydde for berre 2 år sidan, var sauebonde, men dreiv mest med hestar på slutten. På Fanastølen er drifta nedlagt for mange år sidan, og området er i ein fase av gjengroing.

**Kulturmiljø.** Den vedlagte NVH-rapporten nr 470 om kulturmiljø er det einaste som held mål av sakspapira, og i konsekvensvurderinga heiter det at sjølv om det nye bustadområdet ikkje vil bli veldig synleg, så vil det «*reducere en allerede begrenset rest av et tidlegare sammenhengende kulturlandskap og dermed områdets lesbarhet, dvs. svekke historiske strukturer, og påvirke opplevelsen av sammenheng i tid og rom og helhetsforståelsen for de som bor og ferdes i området. Grunnlaget for dette fjernes når det aller meste blir transformert til areal for boligbebyggelse, selv om enkeltobjekter som hus og tun bevares.*» NVH sluttar seg fullt og heilt til denne vurderinga. Vi er også einig i vurderinga på side 30 om at «*Planområdet inngår i et landskap med stor tidsdybde, der det er tydelig hvordan det ene sporet har lagt grunnen for det neste. Kulturhistorien reflekterer hvordan menneskene har nyttet mulighetene i naturgrunnlaget.*» Fana prestegard er ein av dei eldste gardane i Fana og Fana kyrkje og kulturpark blei i 2000 valt til tusenårsstad for Bergen. Garden Fanavoll (bruk 42) vart rydda på 1600-talet som den største av fleire husmannsplassar under Fana prestegard, og den same slekta har budd på garden i fleire generasjonar og vore aktive i det sosiale livet på Fana. Bruket blei etter kvart sjølveigande. På same måten som fleire andre husstandar på Fana hadde folket på Fanavoll deltidsarbeid i Fossen (Rosendahls Spinnerier), ein arbeidsplass som sysselsette 120 personar for 100 år sidan.

Det må nemnast at 9. mai 1935 vart det skrive historie her, då skjedde det som i ettertid er blitt kalla «Slaget på Fanavoll», ved at 400 menneske frå lokalmiljøet møtte opp for å demonstrera mot lensmannen i Fana, som kom for å gjennomføra tvangsauksjon over buskapen til Ingebrigt Fanavoll. Han var ein av fleire bønder i Fana som nekta å betala avgift og levera mjølk til Bergen Meieribolag, forløparen for Tine Meierier.

Fanastølen bei rydda som husmannsplass mykje seinare, dvs. på 1800-talet av folk frå Modalen kommune, difor blei plassen også kalla «Modalen». Under krigen kom folk hit om natta for å høyra radiosendingar frå London.

**Bumiljø.** Det planlagte bustadområdet ligg med kort avstand til nærbutikk, skule og barnehage, men ligg 5 km frå bybanen (Lagunen) og med berre 30 bussavgangar dagleg til Lagunen frå Krokeidevegen, slik det er nemnt i planprogrammet side 4. Andre stader i Bergen, slik som f.eks. på Dyngeland, har planlagde bustadområde blitt tilbakeført til LNF-område fordi det ligg for langt frå bybanen og at kollektivtilbodet er for dårleg. Det same er tilfelle for Fanavollen/Fanastølen, og bør føra til same konklusjon, nemleg at bustadfeltet blir altfor bilbasert. Ein annan ting som er underkommunisert i planen, er at området ligg i skuggen av Fanafjellet og er svært unnasolt, det gjeld særleg Fanastølen. Støykartet på side 10 viser vidare at den nordvestre delen av Fanavollen vil bli relativt utsett for trafikkstøy, og rapporten seier at «*Når det gjelder f\_BUT2, vil det ikke være mulig å tilfredsstille kravene til felles uteoppholdsareal, da arealet ligger innenfor gul sone for trafikkstøy, med grenseverdi på 55-60 dBA*».

**Samla påverknad.** I tillegg til dei særlege grunnane som er knytt til gnr 96 bnr 307, vil vi påpeika omsynet til samla belastning. I heile Fana bydel legg BLÅE-planen og andre større og mindre utbyggingsplanar opp til eit urimeleg stort press på jordbruksareala (sml vedlegg), men også på verneverdige naturtypar og kulturminneverdiar (bygningar, gardsanlegg, vegar, kulturmiljø). Den vil også føra til ei uheldig opphoping av bustadområde, noko som i sin tur vil føra til auka pendling til og frå andre bydelar, som igjen vil gi auka utslepp av klimagassar, særleg når området, slik som i dette tilfellet, ligg langt utanfor bybanen sitt nærområde og er heilt bilbasert. Vi vil i denne samanhengen peika på at det nærliggande bustadområdet Jonsokhaugen vest for Fanastølen alt har fått grønt lys for utbygging.

**Konklusjon.** Av dei nemnte grunnane går Naturvernforbundet Hordaland (NVH) inn for at det aktuelle bustadområdet på gnr 96 bnr 307 blir kraftig redusert, slik at det ikkje kjem i konflikt med omsynet til bumiljø, jordvern og natur- og kulturmiljøet på Fana, og Bergen kommune sin fortettingsstrategi. Difor går Naturvernforbundet Hordaland inn for at utbygginga avgrensar seg til delområda BKS3 og BFS4, som ligg mellom dei eksisterande tilkomstvegane Fanaflaten og Fanastølen. Dette omfattar 9 bustadeiningar fordelt på eit rekkehus og tre tomannsbustader.

Med venleg helsing  
For Naturvernforbundet Hordaland  
[hordaland@naturvernforbundet.no](mailto:hordaland@naturvernforbundet.no)

Gabriel Fliflet  
leiar

Oddvar Skre  
sakshandsamar

Kopi til

- Fylkesmannen i Hordaland
- FNF-Hordaland

Vedlegg:

- Klage på BLÅE-planen frå FNF-Hordaland